




DET KONGELEGE
MILJØVERNDEPARTEMENT

Statsråden

Arkiv	U
Avd. kopi	
Eksp. ev	
Intørn kopi	
Saksb. kopi	
Eksp. ev	ASH
Svar på dok.nr.:	2

Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkeshuset
6404 MOLDE



Dykkar ref

Vår ref
2000/3201-10 P/JK
Ark:
722
Møre og Romsdal

Dato

26 SEPT 2001

Godkjenning av fylkesdelplan for kultur for Møre og Romsdal, kulturplan 2000

Miljøverndepartementet har mottatte fylkesdelplan for kultur i Møre og Romsdal for sentral godkjenning, i brev datert 8.1.01. Planen er handsama i samråd med Kulturdepartementet og Kyrkje- utdannings- og forskingsdepartementet.

Vedtak:

Fylkesdelplan for kultur for Møre og Romsdal, vedteken av fylkestinget i oktober 2000 (sak T-44/00), vert godkjent i medhald av § 19-4 i plan- og bygningslova og kongeleg resolusjon av 16. mars 1990, med dei merknadene som er nemnt nedanfor.

Departementa stør mål og hovudstrategiane i planen, og godkjenner fylkesdelplan for kultur for Møre og Romsdal. Som det framgår av planen er det ei klar målsetting at dei ulike plandokumenta innafor kulturområdet skal henge godt ihop. Vi føreset sjølvstakt at kulturplanen følgjer opp mål og strategiar for den overordna fylkesplan for Møre og Romsdal. I og med at denne planen er ei vidareutvikling og rullering av tidlegare planar, kunne det vore ein fordel om planen var tydelegare på korleis planen fell inn i den totale planporteføljen i fylket, og kva som står igjen av tiltakspunkt som ikkje er gjennomførde i høve til tidlegare planar.

Departementet ser positivt på den sterke satsinga på barn og unge som er nedfelt i heile kulturplanen.

Departementa vil og gje honnør for måten planen er utforma på. Den er skriven på ein lett og engasjerande måte, som får kulturarbeidet i Møre og Romsdal til å framstå på ein spennande og positiv måte.

Kulturdepartementet vil vise til at det i St. meld. nr. 22 (1999-2000) *Kjelder til kunnskap og oppleving* er varsla drøftingar mellom staten og fylka om museumssektoren, der både struktur- og ansvarsspørsmål vil måtte vurderast. Kulturdepartementet reknar med at det også kan bli aktuelt å drøfte enkelte andre ansvarsspørsmål som ledd i det meir allmenne arbeidet med utvikling av relasjonar og oppgåvefordeling mellom forvaltningsnivåa.

Miljøverndepartementet vil avslutningsvis syne til plan- og bygningslova § 19-6, der det heiter at fylkesplanen, og då fylkesdelplanar, skal leggest til grunn for fylkeskommunal verksemd, og vere retningsgjevande for kommunal og statleg planlegging og verksemd i fylket. Plan- og bygningslova føreset at statlege organ som ønskjer å fråvike føresetnadene i ein godkjent fylkesplan tek dette opp med fylkeskommunale planstyresmakter. Om fylkeskommunen og vedkomande sektorstyresmakt ikkje vert einige, skal saka takast opp med dei sentrale planstyresmaktene.

Med helsing


Siri Bjerke

Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Kommunane i Møre og Romsdal

Kulturdepartementet

Kyrkje- utdannings- og forskningsdepartementet